

Kveld på Jæren

Tone: Ved Jesu føtter ei stille stund.

**Nå stilnar dagen og skuming fell
frå bakkane under låge fjell.
Ut over gardstun og bustadfelt
skal natta snart spenna ut sitt telt.**

**Den svale kvelden kjem stille ned
i lune stover med salmefred.
Og arbeidsnevane faldar seg
i takksam kvild etter trøytte steg.**

**Nå tagnar bølgja mot stranda inn
og skarven kviler på steinen sin.
Det doggar stilt over mark og eng
og natta lokkar med mjuke seng.**

**Såsov me trygt i vår eiga bygd
kvart liv som her fekk si kvardagstrygd.
Og blomen lukkar sitt augneblad,
i morgen vaknar han ny og glad.**

Tekst: Tobias Skretting

Melodi: Norsk folketone